

Plan for eit positivt læringsmiljø på Brakanes skule.

Vedteke i SU 13.juni 2017

1.0- Innleiing/Mål

Planen skal bidra til å skapa ei felles forståing mellom elevar, foreldre og tilsette om kor viktig det er å medverka til eit positivt læringsmiljø. Planen gjeld alle stader der skulen har ansvar for elevane; både skule, SFO, leirskule, ekskursjonar, turar, skuleveg og skuleskyss.

- a) Målet er eit læringsmiljø som sikrar at elevane lærer det dei skal, at dei kjenner seg trygge, og at dei trivest på skulen.
- b) Målet er å sikra eit læringsmiljø der tida vert brukt til læringsarbeid.
- c) Målet er vidare å ha rutinar for å fanga opp signal om mobbing og krenkande åtferd og å gjera noko med dei.
- d) Skulen har nulltoleranse for mobbing/krenkande åtferd og gjennomfører elevundersøkinga årleg for å avdekkja om arbeidet for eit positivt læringsmiljø gjev resultat.

1.1; Bakgrunn for handlingsplanen:

- a) Eleven sin rett; Opplæringslova §9-1a seier at alle elevar har rett på eit psykososialt godt læringsmiljø som fremjar helse, trivsel og læring.
- b) Dei vaksne skal difor sjå etter, oppdaga og forsterka dei gode/positive handlingane som styrkjer den einskilde eleven, gruppa og læringsmiljøet samla sett.
- c) Dei vaksne si plikt er og å sjå etter, spørja og handla førebyggjande mot all uønskt åtferd. Ved mistanke om eller melding om mobbing, vald, rasisme eller anna krenkande åtferd har alle tilsette plikt til å gripa inn, undersøkja og evt. varsla.
- d) Om Mobbing; I "Manifest mot mobbing 2009-10" står det: "Vi, regjeringa Stoltenberg, KS, Utdanningsforbundet, Fagforbundet, Skolenes landsforbund og Foreldreutvalet for grunnopplæringa, forpliktar oss til å arbeide for at alle barn og unge har eit godt og inkluderande oppvekst- og læringsmiljø. Barn og unge skal ikkje bli utsette for krenkjande ord eller handlingar som mobbing, vald, rasisme, homofobi, diskriminering eller utestenging."
- e) Ein plan for eit godt læringsmiljø må klart rettleia elevar, foreldre og tilsette om kva som er ønskt åtferd, uønskt åtferd og mobbing.

2.0- Definisjonar

2.1; Ønskt åtferd

- a) Ønskt åtferd er handlingar, språk og haldningar som bidreg til at elev og medelev lærer så mykje dei kan, og at dei trivest i lag.
- b) Det er uråd å lista opp eit fullstendig oversyn over ønskt åtferd, fordi åtferd er handlingar i ein samanheng som må vurderast der og då. Jfr vedlegg.
- c) Det er fokus på positiv åtferd på skulen, og alle kan gje ros.

2.2; Uønskt åtferd:

- a) Uønskt åtferd er handlingar, språk og haldningar som bidreg til at elev og medelev får øydelagt læring og lek, og fører til mistrivsel.
- b) Det er uråd å lista opp eit komplett oversyn over uønskt åtferd, fordi åtferd ofte er handlingar i ein samanheng som må vurderast der og då. Jfr vedlegg.
- c) Det som gjeld er at den vaksne som observerer, eller den som handlinga går ut over som har retten til å definera handlinga som uønskt. Den som utfører handlinga må berre godta dette.

2.3; Mobbing:

- a) Mobbing: I Elevundersøkinga er mobbing definert som: gjenteken negativ eller "vondsinna" åtferd frå ein eller fleire, retta mot ein elev som har vanskar med å forsvare seg.
- b) Gjenteken erting på ein ubehageleg og sårande måte er også mobbing. Åtferda må finna stad 2-3 gonger i månaden eller oftare for å bli definert som mobbing.

2.4; Konflikhtar:

- a) Konflikhtar er usemje, krangel mellom partar som kan reknast som likeverdige, med tilnærma lik styrke.
- b) Konflikhtar skal løysast gjennom samtale og ikkje med fysisk makt eller stygt språk.
- c) Kjenner ein seg urettferdig behandla skal ein varsla ein vaksen og ikkje hemna seg. (Hemn fører for ofte til nye konflikhtar.)

3.0- Ansvar

- a) Hovudansvaret for å etablera eit positivt læringsmiljø ligg på lærar som leiar av læringsarbeidet. Kontaktlærar har eit særskilt ansvar for sin klasse i lag med klassen sine foreldre.
- b) Det er avgjerande at foreldre/føresette er lojale og følgjer opp dei tilsette sitt arbeid, og bidreg aktivt til å styrkja respekten og autoriteten planen og alle dei vaksne skal ha.
- c) Eleven sitt ansvar er å bidra til å gjera læringsmiljøet triveleg, følgja reglane og retta seg etter dei vaksne.
- d) Elevane skal også bidra til å løysa konflikhtar og mobbesaker ved å varsla og informera så tidleg som råd.
- e) Endringar skal det jobbast demokratisk med. Elevane skal høyrast på.

4.0- Kjenneteikn på eit positivt læringsmiljø

Skulen byggjer på Udir sine retningslinjer for læringsmiljø, jfr vedlegg, og vil særleg ha fokus på:

- a) Skuleleiing: Leiinga har klare forventningar til alle tilsette og elevar, og engasjerer seg.
- b) Klasseleiing: Læraren leier arbeidet i klassen så tydeleg at elevane veit kva som skal skje, når, kvifor, korleis, kor lenge det skal skje og korleis arbeidet skal vurderast.
- c) Elevrådet er aktivt, engasjert og vert lytta til.
- d) Foreldre og tilsette samarbeider om å utvikla skulen til ein god læringsarena.
- e) Elevar og tilsette trivest med å arbeida og å vera saman. Alle vert sett. Det er klare og positive forventningar til alle. Læringsarbeidet er variert, motiverande og gjev meistring.
- f) Elevane viser respekt for kvarandre og dei vaksne. Dei vaksne gjer det same.
- g) Det er tydeleg fokus både på fagleg og sosial utvikling.
- h) Elevane er aktive og interesserte. Det er positivt å vera flink/god.
- i) Det er klare forventningar og krav til god orden og åtfærd.
- j) Brot på klasseregjar og ordensregjar får konsekvensar som er gjort kjende på førehand.

5.0- Kjenneteikn på godt samarbeid mellom skule og heim:

- a) Skule, foreldre og elevar er medspelarar. Me er i same båt, og hugsar at det er i fredstid ein byggjer alliansar som hjelper når det vert vanskeleg.
- b) Me snakkar vel om og støttar/styrkjer kvarandre.
- c) Kontaktlærar og foreldre drøftar og er samde om kva tiltak som trengst for å byggja opp styrkja læringsmiljøet i klassen.
- d) Både foreldre og kontaktlærar tek raskt kontakt med kvarandre for å finna løysingar når ein vert klar over at noko ikkje fungerer som det skal for elev eller klasse.
- e) Rektor, elevråd og FAU drøftar tiltak på skulenivå i skulemiljøutvalet.
- f) Kontaktlærar og foreldre snakkar om og øver på sosiale ferdigheiter. Sosial kompetanse er ein grunnleggjande ferdigheit som kan vera avgjerande for annan fagleg læring og for trivsel.
- g) Kontaktlærar varslar foreldra, og foreldra finn og brukar reaksjonar på mobbing og uønskt åtfærd som fungerer i høve til eige barn. Det er god kommunikasjon mellom skule og heim også om dette.
- h) It's learning er nytta til læring, informasjon og kommunikasjon.

6.0- Positive tiltak som styrkjer skulemiljøet og hindrar mobbing:

- a) Samarbeid, gjensidig respekt, variasjon i arbeids- og samværsformer, godt humør og evne til å le av seg sjølv er utviklande både sosialt og fagleg.
- b) For å styrkja den sosiale kompetansen – dvs kor flinke me er til å arbeida, leika eller berre vera i lag - må me øva på dette både heime og på skulen. Då må me først verta klar over kva me må øva på, og i sosial ferdigheit ligg minst 7 ting som kan trenast:
 - 1. Empati
 - 2. Samarbeid
 - 3. Humor
 - 4. Ansvar
 - 5. Sjølvkontroll
 - 6. Sjølvhevding
 - 7. Respekt, også for det som er framand og annleis.
- c) Både fagleg og sosial kompetanse er ulikt fordelt mellom elevane. Arbeidet med sosial kompetanse er ein viktig del av skulen si verksemd på alle klassesteg, der samarbeidet skule – heim er særleg viktig.

6.1 ; Positive tiltak for heile skulen:

- a) Fjelltur. Joggedag. Turneringar. Skidag. Idrettsdag.
- b) Adventssamlingar. Jolefest. Påskemarkering. Sommarfest.
- c) Frukt og grønt til alle, kvar dag. Skulemåltid (5 - 10.-klasse)
- d) Felles informasjon og songstunder. Kulturskulesamarbeid.

6.2; Positive tiltak i eller mellom klassar:

- a) Fadderordning. Anti-mobbearbeid.
- b) Gjennomgang av ordensreglar. Fokus på folkeskikk.
- c) Laga klassereglar og informera på foreldremøte.
- d) Gjennomgå "Handlingsplan mot mobbing og anna uønskt åtferd".
- e) Fokus på "Slik vil me ha det på Brakanes skule".
- f) Samarbeid med helsesyster om psykisk helse, Det er mitt val og Zippys venner.
- g) Finse 8.-klasse (haust) og Finse 9.-klasse (vinter).
- h) Overnattingstur i 7.-klasse.
- i) Oppmoding om deltaking i lagsliv og aktivitetar i fritida

7.0- Kva skulen gjer for å oppdage mobbing/krenking:

- a) Mobbing er ein stor belastning for elev, føresette og tilsette i skulen. Ikkje alltid vil dei tiltaka skulen set inn ha tydeleg nok effekt, og me kan få reaksjonar på at "skulen ikkje gjer noko". Sidan tiltak oftast er retta mot einskildelevar kan me heller ikkje informera alle om dei tiltaka som er sett i verk, jfr teieplikta i forvaltningslova. Foreldra til den som mobbar og den som vert mobba får vite om kvarandre sine born og kva dei har gjort.
- b) Der nokon vert mobba, er det også nokon som mobbar. Dei føresette har rett til å bli informert om barnet deira mobbar andre. For mange føresette kan det vere ei belastning å bli konfrontert med at barnet har ei negativ åtferd. Dei tilsette veit dette, men har plikt til å varsle. Slike varsel kan av og til påverka samarbeidet skule-heim, men omsynet til den som er mobba tel her mest.
- c) Mobbing er ulovleg, brot på opplæringslova §9a.
- d) Tilsette er særleg merksame på teikn på mobbing. (Jfr vedlegg).
- e) Mobbinga inne skjer gjerne med kroppsspråk, augnekast, himling med augo, men også meir synleg i form av utestenging, sukk og latter. Mobbinga ute skjer like ofte med stygge ord eller fysisk med slag, spark eller trugsmål om ting som kan skje.
- f) Mobbing på sms eller internett skal ein som regel melda til politiet, for då har ein klare nok bevis på lovbrøt.
- g) Den som blir mobba prøver ofte å skjula sine reaksjonar fordi ein er redd for meir mobbing om ein varslar. Difor er støtte frå medelevar viktig.

7.1; Elevundersøkingar / trivselsundersøkingar / mobbeundersøkingar:

- a) Me gjennomfører Elevundersøkinga, som er ei landsomfattande kartlegging av mange sider ved det å vera elev, i regi av utdanningsdirektoratet, i februar.
- b) Me gjennomfører ei lokal mobbeundersøking om våren. Denne vil kunne gje oss verdfull tilleggsinformasjon, m.a. i kva form og kor mobbing går føre seg.
- c) Me gjennomfører ei lokal trivselsundersøking om hausten, for å sjå om tiltaka me sette inn om våren, etter mobbeundersøkinga, fungerer vidare.

7.2; Kommunikasjon skule – heim – elev:

- a) Utviklingssamtaler mellom skule/føresette/elev
- b) Elevsamtalar mellom skule/elev som ein del av undervegsvurderinga
- c) Tema på første klasseforeldremøte om hausten, ansvar; kontaktlærar.
- d) Tema på første felles foreldremøte om hausten, ansvar; rektor. Orientering om skulen sitt arbeid mot mobbing.

7.2; Tilsyn og inspeksjon i pausar og leik, friminutt:

- a) Regelen er: minst 3 vaksne har tilsyn i friminutta. Når 1.-4. klasse har reist heim, kan dette reduserast til 2.
- b) For at elevane til ei kvar tid skal vite kven dei kan henvende seg til, skal vaktene bere gule refleksvestar. Vaktene er særleg merksame på område der me veit mobbing kan gå føre seg.
- c) Signal på at mobbing går føre seg i friminutta kan vere; elevar som unngår visse plassar eller personar, elevar som går åleine. Kle som ligg slengt. Samling av elevar utan synlege aktivitetar.

8.0- Handlingsplan 1; Arbeid med uønska åtfærd og konflikhtar:

8.1; Kva er uønska åtfærd og konflikhtar:

- a) Uønska åtfærd i undervisningstime er sjølvsagt alt som uroar eller øydelegg for arbeidet som skal gjerast i timen, og elevar som ikkje rettar seg etter tilsnakk.
- b) Uønska åtfærd i friminuttane er sjølvsagt alt som øydelegg leik og moro for andre, der ein utset andre for fare eller ubehag, eller at noko vert øydelagt.
- c) Konflikhtar mellom elevar med om lag lik styrke er ikkje mobbing, men må løysast som ein konflikt. Kontaktlærar vurderer om begge heimane vert varsla.

8.2; "Der og då" – reaksjon frå tilsette som oppdagar eller vert varsla:

- a) Eleven vert snakka med av tilsette som høyrer, ser eller vert varsla.
- b) Eleven vert om naudsynt teken til side, fjerna frå situasjonen, tek "time-out".
- c) Dersom eleven ikkje endrar åtfærd si, vert kontaktlærar varsla.

8.3; Kontaktlærar gjer fylgjande:

- a) Eleven vert snakka med og forklart fylgjene av handlingane som er gjort.
- b) Eleven får høve til å be om orsaking om nokon er forulempa/krenka.
- c) Kontaktlærar vurderer om og korleis foreldra til elevane skal varslast.
- d) Kontaktlærar gjer sine notatar for evt. oppfølging ved gjentakning.
- e) Bekymringar skal varslast til skuleleiinga.

8.4; Samtale/samarbeid med heimen:

- a) Kontaktlærar varslar føresette med telefon eller melding på avtala måte. Varslinga skjer snarast etter at hendinga har funne stad. (Føresette kvitterer på at melding er motteken.)
- b) Foreldra gjennomfører sjølve den reaksjonen dei meiner kan hjelpa eleven til å tenkja seg betre om neste gong ein står i valet; "skal – skal ikkje".
- c) Foreldre står fritt til å halda kontaktlærar orientert om reaksjonar, sidan det er foreldra som har ansvar for å oppdra eigne born, og sjølve vel den måten å gjera dette på som dei har tru på vil fungera godt for eige barn.
- d) Om ein reaksjon får ein utilsikta biverknad; dvs åtfærd vert verre – må skule og heim snakkast att.
- e) Når foreldre treng hjelp og råd, avtalar ein møte med kontaktlærar og drøftar evt vidare tiltak – også annan profesjonell hjelp frå ppt og/eller bup.

8.5; Når noko vert øydelagt og må erstattast:

- a) Når ein elev øydelegg noko, må ein vurdere erstatning. Rektor får vita kva som er skjedd, og har ein samtale med føresette.
- b) Erstatninga er avgrensa oppover til kr 5000,-. Erstatninga vil vera avhengig av omstenda, graden av aktløyse eller om det var gjort med hensikt.
- c) Også "uhell" må vurderast i høve til eleven sin alder og modning – for det er viktig å læra seg å avgrensa risiko. "Kalkulert risiko" må ein ungdomsskuleelev vita kva er.

8.6; Konsekvens for åtfærdskarakter:

For elevar i ungdomssteget vil merknader om uønskt åtfærd kunne få konsekvensar for åtfærdskarakteren.

9.0; Handlingsplan 2; Arbeid med mobbesaker:

9.1; Prinsippet er at alle konflikter/vanskar/problem skal løysast på lågast mogeleg nivå, dvs nærast mogeleg eleven.

- a) Mobbesaker er likevel av ein slik art at når me har klargjort at me har ei mobbesak, **skal skuleleiinga informerast.**
- b) Kontaktlærer er hovudansvarleg for arbeidet med mobbesaker for elevane i eigen klasse, men i vanskelege tilfelle kan ein be om at rådgjevar, inspektør eller rektor tek over saka, særleg i dei tilfelle ein må ha inn vikar/hjelp i klassen medan saka er under utgreiing.
- c) I dei tilfella saka er **meldt** som brot på §9a, har rektor ansvar for sakshandsaminga.

9.2; Ved mistanke om mobbing må kontaktlærarar avdekkja fakta:

- a) Samtale med den som har meldt saka
- b) Samtale med dei som evt. har sett eller høyr.
- c) Samtale med dei involverte.
- d) Konkluderer ein med mobbing, går ein vidare til 9.3.

9.3; Samtale med den/dei som er mobba:

- a) Støtte til mobbeoffer
- b) Informer om kva som skal skje
- c) Plassering av ansvar
- d) Avtale om oppfølging
- e) Registrering i elevmapper. Ansvar; kontaktlærarar.

9.4; Samtale med den/dei som mobbar:

- a) Individuell samtale, fokus på individuelt ansvar for eigne handlingar.
- b) Den som mobbar har rett til å forklara seg.
- c) Ein er merksam på bagatellisering: Den som mobbar, hugsar ofte dårleg, kallar det leik og at den andre var med på det. Skuldar på andre/den som vart mobba. Snakkar om hemn for noko som har skjedd før.
- d) Den som mobbar må verta medviten om kva han/ho gjer.
- e) Den som mobbar må høyra at me tek avstand frå det han/ho gjer.
- f) Den som mobbar må få høve til å koma med framlegg til løysing.
- g) Den som mobbar skal vita at me kontaktar heimen.
- h) Samtalen vert oppsummert og registrert i elevmapper, Ansvar: kontaktlærer.

9.5; Samtale med foreldre/føresette for den som er blitt mobba:

- a) Så snart som mogeleg etter at samtale med den mobba er gjennomført.
- b) Avtale om oppfølging framover. Ansvar, kontaktlærer.

9.6; Samtale med foreldre/føresette for den som mobbar:

- a) Så snart som mogeleg etter at samtale med den som mobbar er gjennomført.
- b) Klargjera konsekvensar av mobbing; kva gjer heim / skule
- c) Avtale om oppfølging framover. Ansvar, kontaktlærer

9.8; Oppfylgingssamtalar med den mobba og den som mobbar.

- a) Kontaktlærer fylgjer opp saka etter 2 og 4 veker.
- b) I særlege tilfelle, og ved gjentatt mobbing har ein ytterlegare oppfylgning og kontakt med foreldre/føresette.
- c) Ansvar, kontaktlærer i samarbeid med rådgjevar/sosiallærer.

9.9; Når saka er meldt etter §9a i opplæringslova, skal rektor gjere vedtak.

- a) Ei mobbesak kan meldast av foreldre/føresette til den som er mobba, den mobba sjølv, medelevar eller av ein av dei tilsette.
- b) Ei melding etter §9a skal gjerast skriftleg, og dei tilsette på skulen skal hjelpa til med dette om foreldre/føresette ber om det.
- c) Rektor skal sjå til at saka er opplyst tilstrekkeleg gjennom kontaktlærer sitt arbeid.
- d) Rektor skal fatte vedtak om tiltak som skal sikre at den mobba ikkje opplever å bli mobba igjen. Vedtaket skal gjerast kjent for begge partar.
- e) Vedtaket er eit einskildvedtak etter forvaltningslova.
- f) Det er klagerett på vedtaket. Klageretten gjeld både den som er utsett for mobbing og den som har mobba. Klager skal stilast til skulen og behandlast av fylkesmannen.
- g) Vedtaket skal fylgjast opp og skulen skal sikra at tiltaka vert gjennomført.

Paragraf 9.9 må endrast etter ny §9a frå udir aug 2017.

9.10; Mobbing og åtferdskarakter.

- a) Mobbing er ei av dei sakene som kan føre med seg utvising og nedsett åtferdskarakter, jfr forskrift om ordensreglar for Brakanes skule.

10.0- Vedtak og oppfylgning av

”Plan for eit godt læringsmiljø ved Brakanes skule”:

- a) Planen er handsama i personalet, elevrådet og FAU.
- b) Planen er vedteken av samarbeidsutvalet i møte 13.juni -2017.
- c) Planen skal drøftast i skulemiljøutvalet/samarbeidsutvalet årleg.
- d) Planen har 5 vedlegg; Døme på ønskt åtferd, Døme på uønskt åtferd, Teikn på at ein elev kan vere utsett for mobbing, ein kortversjon av handlingsplanen mot mobbing, og Utdanningsdirektoratet sine kjenneteikn på eit godt læringsmiljø.

Vedlegg 1.

Døme på ønskt åtferd:

Ein bør like ofte gripa elevane på ein positiv måte når dei oppfører seg fint.

- Dei snakkar hyggeleg om og med kvarandre,
- inkluderer andre i leik,
- oppmuntrar og rosar kvarandre,
- er blide og smilande,
- viser initiativ,
- gjer kvarandre tenester,
- er hjelpsame,
- seier takk og ver-så-god,
- helsar på kvarandre,
- ynskjer kvarandre ein god dag eller tur,
- plukkar opp ting som dett ned,
- set ting på rett plass, ryddar,
- er pratsame men ikkje støyande,
- opnar dørene utan risiko,
- går roleg innandørs,
- held døra open for dei som treng det,
- hengjer jakker og ytterplagg i gangen,
- tek av seg skoa inne,
- kjem fort til ro når timen startar,
- er merksame og konsentrerte om å læra,
- har med seg alt dei treng,
- viser god bordskikk, et opp maten sin,
- gjer det dei vert bedne om å gjera,
- varslar når noko gale har skjedd,
og mange andre hyggelege kvardagshandlingar for å gleda andre.
Klassane kan lage sine egne hugselister for å forsterke den åtferda ein ynskjer å sjå mest av.

Brakanes skule

5730 Ulvik

Tlf.56527400/40007153

Brakanes.skule@ulvik.kommune.no

Vedlegg 2.

Døme på uønskt åtfærd;

- Dette er meint som døme for å hjelpe elevane til å forstå kva som er opplevd som uønskt, så får ein samtala både på skulen og heime om å forstå kvifor ein ikkje ynskjer slik åtfærd.
- Fysisk mot andre: Å lugga, slå, bita, kasta stein, kasta snøball, dytta, klipa, klora, spytt, klyppa, riva, bryta, leggja i bakken, vri armen og andre ting som vert opplevd ubehagelege eller truande.
- Fysisk mot ting; Å øydeleggja ting ein ikkje eig sjølv, grisa til, kasta søppel utan å treffa søppelbøtta, rabla, skjera, stikka, bryta, knusa,
- Psykisk mot andre; Å baksnakka, lyga, snu seg vekk, seia stygge ting, vera uvennleg, frysa ut, kommentera negativt, himla med auga, sukka, stønna, setja ut eller spreia rykte, gje andre skulda for noko, trua, pressa.

Lista kan aldri bli komplett, men skal fungera som rettesnor for handlingar me reagerer mot og tek avstand frå. Lista kan bli justert årleg etter handsaming i skulemiljøutvalet, jfr lista over ønskt åtfærd.

Vedlegg 3.

Teikn på heimebane på at born er utsett for mobbing

I høve til skule

- Barnet vil ikkje gå på skulen – enten generelt, på bestemte dagar eller timar
- Barnet er redd for å gå til og frå skulen, og vil bli køyrt.
- Barnet vel ulogisk skuleveg, går omvegar.
- Barnet held seg nær vaksne.
- Barnet kjem heim og er uvanleg svolten.
- Barnet mistar interessa for skulen.
- Barnet kjem heim med øydelagde bøker, ting eller kle.
- Barnet "mistar" bøker, ting eller kle, og kan ikkje forklara kva som har skjedd.
- Barnet "mistar" lommepengane gong på gong.

I høve til vener

- Barnet tek ikkje med seg vener heim.
- Barnet er lite saman med andre på fritida.
- Barnet sluttar med fritidsaktivitetar.

Åtferd

- Barnet ber om ekstra pengar eller byrjar stele.
- Barnet nektar å fortelja kva som er gale.
- Barnet byrjar å mobbe sysken eller foreldre.
- Barnet blir lett oppfarande, og har raseriutbrot.
- Barnet mistar sjølvtilitt.
- Barnet verkar ulukkeleg eller har mareritt.

Helse

- Barnet har uforklårlege sjukdommar, og seier dei er sjuke utan å vera det.
- Barnet endrar sove- eller matvanar.
- Barnet har dårleg matlyst, vondt i magen og vondt i hovudet
- Barnet har uforklårlege skrammer og blåmerke.

(Kjelde; www.skolenettet.no)

Vedlegg 4.

HANDLINGSPLAN MOT MOBBING OG UØNSKT ÅTFERD, KORTVERSJON.

Konkret handlingsrekke ved mobbing:

Vedteken i samarbeidsutvalet – i møte 1.juni - 2011:

- 1) Når mobbing er oppdaga, vert varsla eller meldt, skal den tilsette reagere med ein gong.
- 2) Den som er mobba skal takast vare på først. Eleven skal vita at skulen bryr seg, og at han/ho alltid kan rekna med å få hjelp.
- 3) Kort samtale som skal avdekkja kva som har skjedd. (Ikkje primært kvifor.)
- 4) Den vaksne varslar straks kontaktlærer(ar) og/eller rektor/inspektør og leverer ein kort rapport.
- 5) Kontaktlærer(ar) og/eller rektor/inspektør avgjer vidare prosedyre.
- 6) Kontaktlærer har samtale med eleven som er mobba.
- 7) Den eller dei som mobbar skal straks splittast opp og kallast inn til samtale kvar for seg med sin kontaktlærer, omgåande. Det skal vera ein samtale der ein særleg legg vekt på empati og ansvar for eigne handlingar.
- 8) Ein skal kartleggje kva som har skjedd, for å sikre at dei rette personane vert stilt til ansvar, også dei "passive" mobbarane.
- 9) Viktig å motivere for å få fram forpliktande avtalar om å endre åtferd.
- 10) Hendinga og avtalen skal gjerast skriftleg og arkiverast i elevmappa.
- 11) Heimen til den som er mobba, og den som mobbar skal varslast av kontaktlærer.
- 12) Kopi av det som vert lagt i elevmappa skal sendast heim.
- 13) Foreldre/føresette skal stadfeste at dei har lese meldinga.
- 14) Tett oppfølging av både offer og mobbar. Forsøke å få til positiv kontakt mellom dei i skuletida t.d. gjennom samarbeidsoppgåver der dei ikkje får jobba utan tilsyn frå lærar.
- 15) Kontrollsamtalar med involverte partar etter avtalt tid, vanlegvis etter 2 og 4 veker.
- 16) Dersom mobbing gjentek seg må skule og heim i samtale om kva hjelp eleven treng for å endra åtferda si.
- 17) Mobbing meldt etter §9a krev eigen prosedyre, der rektor har ansvar for forsvarleg sakshandsaming og vedtak.

Rektor avgjer korleis informasjonen skal leggjast fram for resten av personalet.

Omsynet til personvern skal vegast opp mot risiko for gjentakning.

Denne kortfatta handlingsplanen er del av skulen sin strategi for å hindra mobbing.

Vedlegg 5.

Utdanningsdirektoratet har fylgjande kjenneteikn på eit godt læringsmiljø:

Definisjon av "læringsmiljø"

Med begrepet "læringsmiljø" mener Utdanningsdirektoratet de samlede kulturelle, relasjonelle og fysiske forholdene på skolen som har betydning for elevenes læring, helse og trivsel.

Kjennetegn på et godt læringsmiljø

Gjennom en bred gjennomgang av forskningen på læringsmiljøfeltet, har Utdanningsdirektoratet kommet frem til faktorer som er sentrale for arbeidet med elevenes læringsmiljø. Vi har vektlagt de faktorene forskningen viser er helt grunnleggende for å utvikle og opprettholde et godt læringsmiljø som fremmer både faglig, sosial og personlig læring.

Beskrivelsen av sentrale faktorer er samlet under disse fem overskriftene:

1. God ledelse, organisasjon og kultur for læring på skolen

- Ledelsen kommuniserer tydelige mål og forventninger til alle ansatte
- Ledelsen foretar løpende vurderinger og gir tydelige tilbakemeldinger til de ansatte
- Det er et positivt samarbeidsklima og gode relasjoner mellom de ansatte, og mellom ansatte og ledelsen
- Skolen har et entydig ordensreglement med kjente konsekvenser som følges opp i praksis

2. Lærers evne til å lede klasser og undervisningsforløp

Læreren

- har en tydelig struktur i undervisningsforløpet
- formulerer tydelige mål for elevenes læring og læringsmiljø
- har høye forventninger til alle elevene, tilpasset deres forutsetninger
- gir tydelige og konstruktive tilbakemeldinger til elevene, både faglig og sosialt
- bruker tilbakemeldinger fra elevene for å justere opplæringen
- skaper et inkluderende miljø og et læringsfelleskap blant elevene
- utarbeider regler i samarbeid med elevene, og håndhever disse konsekvent
- bevisstgjør og ansvarliggjør elevene i eget læringsarbeid
- involverer elevene, og gir dem mulighet for medvirkning

3. Positive relasjoner mellom elev og lærer

- Læreren har evne til å inngå i en positiv og støttende relasjon med hver enkelt elev
- Eleven opplever trygghet og tillit, og å bli sett av læreren
- Læreren har tro på at elevene kan lære og nå målene for opplæringen
- Læreren skaper engasjement og motivasjon for læring, og bidrar til god selvfølelse hos alle elevene
- Lærer og elev har samme forståelse av hvilke krav som stilles til et godt læringsmiljø, blant annet hvilken sosial kompetanse som blir etterspurt og verdsatt

Brakanes skule

5730 Ulvik

Tlf.56527400/40007153

Brakanes.skule@ulvik.kommune.no

4. Positive relasjoner og kultur for læring blant elevene

Elevene

- har en kultur for læring og et læringsfellesskap. Blant elevene er det positivt å være aktiv og interessert, det eksisterer ikke negativt gruppepress mot å gjøre sitt beste på skolen
- aksepterer ulikheter og at det både er greit å være flink og å ha utfordringer – faglig og sosialt
- samarbeider og har felles opplevelser
- opplever trygghet og tillit, og føler seg inkludert
- forstår hvilke krav som stilles til et godt læringsmiljø, blant annet hvilken sosial kompetanse som blir etterspurt og verdsatt
- opplever nulltoleranse for krenkende ord og handlinger

5. Godt samarbeid mellom skole og hjem

- Foreldre og lærere formidler de samme positive forventningene til eleven, tilpasset elevens forutsetninger
- Hjem og skole "snakker samme språk". Foreldre må få en innføring i skolens språk, slik at eleven ikke må leve i to forskjellige verdener
- Lærerens, foreldrenes og elevens forventninger til hverandre er tydelig uttalt og forstått av alle parter
- Foreldrene har reell medvirkning

Bakgrunn for definisjonen av læringsmiljø

Vi definerer "læringsmiljø" som de samlede kulturelle, relasjonelle og fysiske forholdene på skolen som har betydning for elevenes læring, helse og trivsel.

Definisjonen omhandler allmennpedagogiske forhold, men omfatter ikke rent fagdidaktiske faktorer som faglig innhold, vurdering i fag eller bruk av læremidler. Avgrensningen innebærer ingen nedvurdering av betydningen av fagkompetanse og fagdidaktikk. I tillegg til kompetanse i klasseledelse og relasjoner, er lærerens fagdidaktiske kompetanse viktig for elevenes læring. I praksis er det en gjensidig påvirkning mellom skolens fagdidaktiske arbeid og arbeid med kulturelle og relasjonelle forhold. Vi må derfor se arbeidet med læringsmiljøet i sammenheng med tiltak som støtter opp under skolens fagdidaktiske kompetanse.